

Os, 13.02.2017

Plan for drift og vedlikehold

Syner til samarbeidsavtale med mellom Os kommune og Os Turlag. Os turlag har ei eiga dugnadsgruppe som jobbar med nye turvegar, kvisting, vedlikehald av skilt, tilrettelegging for tilkomst i gjengrodde stiar og drenering av våte partier. Denne gruppe har fast oppmøte kvar torsdag gjennom heile året.



Roar Håugsgjerd

Konsulent idrett og friluftsliv

Os kommune

## Samarbeidsavtale

Os kommune og Os Turlag

20.09.13



### Gradering og merking av turstiar i Os

**Merking av stiar:** Kultureininga registrerar grunneigarar og gjer klar grunneigaravtaler med kart. Os Turlag kontaktar grunneigarar for avtale om oppsett av tavler og skilt.(gjennom avtale)

**Montering av skilt:** Os Turlag administrerer oppsetting av skilt.

**Utarbeiding av tavler:** Os kommune bidrar med kartgrunnlag og arbeid med tekst til kart. Os Turlag må definera kartområde og bidra med info til tekst.

**Økonomi:** Utgifter knytt til prosjektet skal først inn i prosjekt 2565 knytt til kommunestyrevedtak 18.06.13. Prosjektet har ei totalramme på kr 233.000,- + dugnad.

**Drift og vedlikehald:** Det vert satt av kr 10 000,- frå merkeprosjektet til vedlikehald og kjøp av manglande skilt. Kostnader utover gjeldande rammer må hentast inn gjennom søknader til ulike tilskotsordningar. Ved større prosjekt som trengs kommunal medverknad må kostnader synleggjerast gjennom årlege budsjettforhandlingar.

Os Turlag – koordinera ettersyn på alle stiar som vert merka gjennom prosjektet.

Os kommune har ansvar for ettersyn av skilt på Strandvegen.

Museet Lysøen har ansvar for ettersyn av skilt på Lysøen.

### Opparbeiding av nye parkeringsplassar

Godkjende parkeringsplassar som kan nyttast til friluftsliv er nemnd i kap 6.11 i kommunedelplan. Kap 6.12 omhandlar prioriterte plassar som kan fremmast i samarbeid med Os Turlag og Os kommune. Kostnader som treng kommunal medverknad må fremjast gjennom årlege budsjettforhandlingar. Innspel frå Os Turlag skal fremjast gjennom Kultureininga.

Os Turlag / Os kommune fører dialog med grunneigarar om løyve til etablering av parkeringsplassar. Os kommune har ansvar for fornying av avtaler og ettersyn av parkeringsplassar.

### Opparbeiding av nye turstiar/vegar i planperioden

Punkt 6.12 og 6.13 i kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2013-2020 er eit utgangspunkt for vidare utvikling av nye turstiar/vegar

  
Kultursjef – Os kommune

  
Leiar Os Turlag



Avtale om tilrettelegging og merking av turstiar.

Mellom grunneigar.....,.....eller på vegne av

grunneigarar av Gnr.....Bnr.....

I Os kommune og Os Turlag.

**Avtalen gjeld:**

- Oppsetting av oppslagstavle. Stad.....
- Oppsetting av retningskilt, merking av stiar, slik det er vist på vedlagde kart.
- Oppsetting av toppskilt, plass - skilt, retningskilt osv.
- Rydding av sti til inntil 1,5 meters bredde.
- Drenering av mindre sumpar.
- Bygging av event. gangbanar over blautmyr, kloppar og bruar.
- Os Turlag skal stå for nødvendig vedlikehald av det som er nemt ovanfor.
- Os Turlag og deira samarbeids – partnarar, skal stå for alle kostnader som vedkjem dette. Arbeidet vert utført på dugnad.
- Serskilde tilhøve.

.....

Avtalen gjeld for 10 – ti – år. Deretter blir den automatisk fornya for 5 år om gongen, dersom partane ikkje har innvendingar.

Tilrettelegging og merking skal gjerast i samsvar med Merkehandboka utarbeidd av Den Norske Turistforening med fleire.

Stad.....

Dato.....

.....

Namn grunneigar.

Sign.

.....

Namn etter fullmakt frå Os turlag.

Sign.

Kopi til Os Kommune som administrerer midlene.

Vedlegg: kart og kopi av fullmakt.